



Fredag kl.17 er det klart for julegrantenning i Uskedalen. Frå då av vil den stolte julegrana stå der og lyse opp både for bygdefolket og alle forbipasserande. Eit kjært landemerke rundt juletider kvart år. Damevennene er ansvarleg for tenningsarrangementet, og sjølv om det i hovudsak går etter det tradisjonelle mønsteret, kan dei driftige Damevennene melda om nokre nyskapingar.

Som vanleg skjer tenninga presis kl. 17 til stemningsfulle juletonar frå dei rutinerte musikarane i Musikklaget. Etter tenningsseremonien er det tid for mat, og mulighetene er som vanleg fleire. I Helgheimskjellaren vert det servert graut, medan det er kaker og kaffi som står på kartet i Gamleskulen. I tillegg vankar det både lappar og gløgg som vanleg.

Det vert og standar slik at folk kan få kjøpt seg både gardsmat og handverksprodukt.



[Fleire muligheter for god servering er det i år også.](#)

I tillegg til dette vert det nokre programpostar som er nye av året. Kl. 17.45 bør det vere fullt i salen oppe i Helgheim. Då vil elevar i 6. og 7. klasse ha litt underhaldning med song og annan scenekunst. Oppe i Helgheim vil det og vere ei form for juleverkstad. Alle som vil, kan vere med og pynte sitt peparkakehjarde. Her vert det nok mange fine resultat, og dei skal hengast på eit tre som skal stå og pynte opp i inngangen til Spar i førjulstida. Dersom nokon ønskjer å ta med seg ferdig pynta peparkakehjarter, er det fritt fram for det. Å delta på juleverkstaden kostar 20,-kr.

Det er tydeleg at Damevennene har lagt alt til rette for at det vert ei koseleg førjulstund på arrangementet fredag. Underteikna har ikkje hatt kontakt med Børsdalsnissen i år, men kjenner eg han rett, dukkar han nok opp og set ein spiss på det heile.



Børstdalsnissen dukkar nok opp. Han er glad både i barn og i graut.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen.